




Sunnfjord
kommune

Hatlehaugen barnehage

Barnehageportrett



Historiske barnetal frå 2008 – 2023



Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	15	15	13
Barn over tre år	26	26	24
Godkjent leike- og oppholdsareal kvm	240	240	240
Arealutnytting kvm	207	207	177
Kapasitet arealplassar	53,3	53,3	53,3
Arealplassar i bruk	46	46	41,3
Ledige arealplassar	7,3	7,3	12

Bemannning i årsverk

Bemannning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrar	1,0	1,0
Assisterande styrar	0,0	0,0
Pedagogisk leiar	4,0	3,0
Barnehagelærar	0,0	1,0
Fagarbeidar	2,3	1,8
Assistent	2,7	3,2
Lærling		1,0
Snittalder		45,6

Grunnbemannning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	5,9	6	6	6,1

Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	17,2	13,5	18	14

Økonomi

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	5 966 355	6 137 449	5 959 649	7 191 449
Budsjett	6 685 134	6 888 358	6 320 205	7 407 013
Kostnad per heiltidsplass	163 462	154 209	145 357	177 567

Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Slåtten skule
Tilknyting til andre tenestetilbod	Har kort veg til dei fleste servicetilbod i Førde sentrum.
Bustad og næring	Hatlehaugen barnehage er «nærbarnehage» til to viktige og store kompetansearbeidsplassar – Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet.

Bygningsmasse

Byggeår	1991, kommunal frå 2009.
Areal	667 kvm
Godkjent leike- og oppholdsareal	240 kvm
Uteareal	4 255 kvm

Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	2,9 km
Avstand til Vie barnehage	110 m
Avstand til Tusenfryd barnehage	650 m

Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen legg stor vekt på observasjon og refleksjon, og nyttar dette for å legge til rette for eit pedagogisk tilbod som er tilpassa alder, interesse og mogning
- Barnehagen har eit pedagogisk årshjul som er felles for alle avdelingane. Århjulet femner om fagområda, samt inkludering, fellesskap og sosial kompetanse
- Kontinuerleg evaluering av planar og system, som fører til forbetring og/eller endring
- Barnehagen er gode på helse, tryggleik, fysisk aktivitet, samt bruk av natur og nærmiljø
- Barnehagen er gode på å sjå einskildbarn, og lage opplegg som dekker alle sine behov

Forbetningsområder

- Det pedagogiske tilbodet i barnehagen etter alder kan betrast

Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- Har nok plass og rom, til barn og voksne. Barna har stor nok plass til å utfolde seg på ute og inne
- Stort uteområde som gir gode mogleigheter for fysisk utfolding og læring. Variasjon i underlag og stor variasjon i terren
- Positivt at alle avdelingane og administrasjonen er i same bygg. Å vere i same bygg gjer til at ein kan samarbeide på tvers av avdelingar, det er tettare samarbeid mellom avdelingane og tett kontakt med einingsleiar

Forbetningsområder

- Viktig med kontinuerleg vedlikehald av bygningar og uteområde, framfor å bygge nytt
- Investere i, og bruke hjelpemiddel ved tunge løft og ved støy
- Hadde vore ideelt med fleire rom til trening, møter og planleggingstid

Barnehagen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen ligg nær fleire arbeidsplassar som butikk, sjukhus, høgskule, barnehagar og grunnskule
- Gåavstand mellom heim og barnehage, samt til arbeidsplass
- Barnehagen er leikeplass for barn i nærmiljøet
- Barnehagen tar imot personar i språkpraksis, og i arbeidspraksis/-trening
- Barnehagen tar imot lærlingar og elevar som treng arbeidspraksis
- Nærrområde og naturen er i aktiv bruk

Forbetningsområder

- Kan bli betre på samspel med andre i nærmiljøet

Andre innspel

- Bevare og oppgradere eksisterande barnehagar framfor å bygge ny barnehage ved Slåtten skule
- Legge ned barnehagar med låge søkerantal
- Hatlehaugen barnehage stettar pedagognorma. I tillegg har barnehagen nest lågaste kostnad pr barn i Sunnfjord kommune. Barnehagen har aldri stått med ledige plassar og har høge søkerantal
- Sunnfjord kommune må tenkje kvalitet framfor kvantitet

Prosjektgruppa si oppsummering

No- situasjonen

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage¹ for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Hatlehaugen barnehage følger både bemanningsnorma og pedagognorma. Det er noko overfullheit i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

Barnehagen har ikkje vore oppgradert sidan etableringa i 1991. Ut i frå kriteria vi har lagt til grunn manglar barnehagen gode fasilitetar for tilsette, mellom anna kontorplassar. For barna manglar det mellom anna optimale areal til å sove/kvile og eit allrom. Barnehagen har ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det igjen føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkerar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området, og søker plass i barnehagen.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet.

¹ [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagertilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).